



Føresegner

Desse føresegnerne gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

§ 2

Området er regulert til fylgjande føremål:

- Byggeområde
- Landbruksområde
- Offentlege trafikkområde
- Føremålsområde
- Spesialområde

§ 3.1 BUSTADER

Område regulert til bustad, skal nyttast til heilårsbustader. Eventuelle nye bygg skal tilpassast eksisterande bygningar.

§ 3.2 FRITIDSBUSTADER

- a) Hytter skal plasserast som vist i plankartet og i samsvar med innmål på terrenget. Pølen skal ligge innom hyttvegane. Mindre justering av hytteplasseringa kan gjerast av Vinje kommune.
- b) På kvar hyttetomt skal maksimalt bygg areal ikkje vera større enn 120 m². Største bygget på tomta skal ikkje vera større enn 100 m² BYA og ha saltak med gesimshøgde på maksimalt 3.5 meter og største mænehøgde på 5.5 meter.
- c) På kvar tomt skal det berre oppførast ei hytteeining.
- d) På kvar hyttetomt kan det oppførast uthus/bod/anneks på inntil 20 m² knytt til hovudbuseinaden slik at bygga dannar eit tun. Uthuset skal byggast med saltak, største gesimshøgde på 3 meter og mænehøgde på maksimalt 5 meter.
- e) Bygg skal best mogeleg underleggast naturprøge i området og ha ei enkel og god utforming. Utvendes skal det nyttast trenematerialar, ståande kleining og naturvennlige fargar.
- f) Bygg kan berre oppførast i ein etasje. Høgda på grunnmuren skal ikkje overstige 80 cm.
- g) Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 24 - 32 grader. Taktekking skal vera torv.
- h) Eksisterande vegetasjon og terreng skal i størst mogeleg grad takast vare på.
- i) Det skal ikkje seljast opp gjerde eller flaggstenger i området.
- j) Der hyttene står på pillarar, må det gjerast mellom desse på grunn av sau m.v.
- k) Båthus vert ikkje godkjend.

§ 3.3 EKSISTERANDE HYTTER

Eksisterande hytter kan byggast på og uthus seljast opp i samsvar med reglane i §3 og elles i medhald av Plan- og bygningsslova.

§ 4 LANDBRUKSOMRÅDE

Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Bygg knytt til slik drift kan oppførast i området etter godkjenning frå Vinje kommune.

§ 6 SPESIALOMRÅDE

Regulert privat veg skal nyttast som tilkomstveg til bustader og hytter, til landbruks-/skogsdrift og til kommunale oppgåver. Private vegar skal opparbeidd med breidd 3.5 meter.

6.1 FRISIKTSONE

Frisiktsone skal haldast reine for lekamar høgde enn 0.5 m eller anna som på nokon måte hindrar fri sikt innom sona.

§ 6 *ÅLMENNE FØRESEGNER

VATN OG AVLAUP

All vassforsyning i regulert område skal vera frå godkjend vassverk. All bygningssone med innlagd vatn skal knytast til godkjend avlaupsanlegg. Alle nye fritidsbustader skal koplast til anlegg for vatn og avlaup. Eksisterande fritidsbustad får høve til å kople seg til vass- og avlaupsnett. Eksisterande hytter med låg sanitærtøknisk standard som ikkje er kopla til VA-nett, har ikkje høve til å legge vatn inn i hyltene. Desse må nytte biologisk do og hente vatn frå oppsette vasspostar i området. Bygging skal ikkje skje før tilknytingsklare hovudanlegg for vatn og avlaup er etablert. Alle tekniske anlegg knytt til framføring av vatn og avlaup skal opparbeidd i samsvar med godkjend VA-plan for området.

RENOVASJON

Hushaldsavfall vert teke hand om av kommunen gjennom tvungen kommunal renovasjonsordning. Hytteeigarar pliktar å levere avfall etter nærare tilvising frå kommunen.

STRAUMFORSYNING/FIBEROPTIKK O.L.

Alle typer kablar i området skal leggst i grøfter.

§ 7 DISPENSASJON

Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnerne.

§ 8 PRIVATRETTSLEGE AVTALER

Etter at planen med tilhøyrande føresegner er vedtektjen, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen eller føresegnerne.

TEIKNFORKLARING PLAN- OG BYGNINGSLOVA §25, REGULERINGSFORMÅL					
<p>BYGGJEOMRÅDE (§ 25, nr 1)</p> <ul style="list-style-type: none"> Område for bustader m/tilhøyrande anlegg Område for fritidsbebusetnad <p>LANDBRUKSOMRÅDE (§ 25, nr 2)</p> <ul style="list-style-type: none"> Jord/skog 	<p>SPESIALOMRÅDE (§25, nr 6)</p> <ul style="list-style-type: none"> Privat veg Frisiktsone ved veg 				
<p>STREKSMBOL M.V.</p> <ul style="list-style-type: none"> Avgrensing av planen Grense for reguleringsføremål 	<ul style="list-style-type: none"> Eigedomsgrense Bekk 				
<p>Kartgrunnlag: Økonomisk kartverk Koordinatsystem: EUREF 89 Ekvidistans: 5 meter Målestokk: 1 : 1000</p>					
<p>REGULERINGSPLAN MED FØRESEGNER FOR: DEL AV BJAALI, GNR 147 BNR 1</p>		<p>KARTBLAD:</p>			
REVISJONAR	DATO	SIGN.	REVISJONAR	DATO	SIGN.
SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA					
KUNNGJERING VEDR. REG. ARBEIDET				DATO	SIGN.
1.GONGS HANDSAMING I KOMMUNEN					
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSRUMMET				16.01.08	
2.GONGS HANDSAMING I KOMMUNEN					
EVT. NYTT OFFENTLEG ETTERSYN					
3.GONGS HANDSAMING I KOMMUNEN					
KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK				31.01.08	
STADFESTA AV:					
PLANEN ER UTARBEIDD AV:				DATO	TEIKNR
HM RIT AS v/ark. Bjørn Hustveit 3890 VINJE				09.09.07	MK

L.nr. 6896108